



Full fart på Heio! Idrettslaget har fått mest grasrotmidlar så langt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

6 lag og organisasjonar med basis i Uskedalen er å finna mellom dei 65 i Kvinnherad som til no har fått grasrotmidlar.

Samla sum for desse er 53.301 kroner og pengane fordeler seg slik: 20.572 på idrettslaget, 17.267 på skulemusikken, 4.933 på Festidalen, 4.394 på helselaget, 4 008 på Røysterrett for alle og 2 171 på ungdomslaget.

Til no har det kome inn vel 850.000 til alle laga i kommunen som har fått midlar.

Det er 5 prosent av innsatsen til spelarane som kan gå til ein lokal organisasjon og Trio leiar klart med 142.764 kroner foran Halsnøy Idrettslag med 82.837 kroner.

Det var i fjor Norsk Tipping introduserte denne ordninga, som sikrar aktivitet i mange lag landet rundt.